



Gunnvald Ragnar Hella
Radøyvegen 2083
5936 Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7333 - 23/15056

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2023

Erklæring om rett til parkering gbnr 433/103 - Alver kommune

Viser til innsendt brev «svar til krav om parkeringsplass datert 21. november 2022 og oppmålingsforretning halden den 02.12.2022.

Dokumentasjonen du har sendt inn viser til at hovedbruka var med på å finansiere vegen, det er ikkje eit dokument som kan tinglysast som ein parkeringsrett sånn det er krav om i løyve til deling.

I løyve er det stilt krav til at det skal leggjast fram erklæring om rett til parkering.

«Det må seinast samstundes med fullføring av oppmålingsforretning leggjast fram erklæring om rett til parkering for den nye grunneigedomen (naustetomta).»

For at me skal kunne fullføre delinga av eigedomen er me avhengig av at partane oppfyller krava som er stilt i løyve til deling. Me ber derfor om å få tilsendt ei erklæring om rett til parkering som er utforma på ein sånn måte at den kan tinglysast dersom den ikkje allereie er tinglyst.

Dette er noko partane må ordne mellom seg. Kommunen kan ikkje gå vidare med saka før krava i løyve er oppfylt.

Saka er parkert inntil me mottar sånn erklæring.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Brestøvegen
parkeringsrett

Svar til krav om parkeringsplass - frådelling av naustetomt - gbnr 433/103 Hella Indre

Mottakarar:

Gunnvald Ragnar Hella	Radøyvegen 2083	5936	Manger
Karl Gustav Hella	Radøyvegen 2083	5936	Manger